



ØYGARDEN KOMMUNE

KOMM. OG REG. DEF	
04 NOV 2005	
05/1594-79	
Ark.	650.0
Avd.	KO/KJ/0V

Det kgl.Kommunal- og regionaldepartement  
Akerst. 59  
Postboks 8112 Dep.  
0032 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.  
05/1680-3/K1-024//ASV

Stad/Dato:  
01.11.2005

### UTTALE TIL NOU 2005:6 SAMSPILL OG TILLIT

Formannskapet i Øygarden kommune viser til Lokaldemokratikommisjonens første utgreiing – NOU 2005:6 Samspill og Tillit – Om staten og lokaldemokratiet. Øygarden formannskap ønskjer å gi følgjande høringsuttale:

- Det må vera **Staten** si oppgåve å gjera lokaldemokratiet sterkt og meningsfylt ved at kommunane vert delegert oppgåver som har direkte inngripen i den enkelte borgar sin kvardag. Statlege forskrifter og direktiv må begrensa – det må verta større fridom for den enkelte kommune til å rå innanfor egne kommunegrenser.
- Når staten vil bruka kommunane for å iverksetja statlege tiltak, må det også følgja med den økonomiske ressurs som er nødvendig for gjennomføringa. Den enkelte primærkommune må ikkje oppleve at ein vert "overstyrt" av eit statleg nivå, eller av ein "over-fylkeskommune." Dei statlege tilsyn" etter særlovar bør begrensa og reduserast.
- Enkelte områder bør vera særleg øyremerka som kommunale tenesteområde. For enkelte tenesteområde som skule, barnehage, pleie, omsorg, bør det utformast retningsgjevande minstenormer, som kan tilpassast det lokale særpreget.
- Den økonomiske handlingsfridomen til kommunane må styrkjast. Å oppleve at sentrale politikarar har ei oppfatning av verkelegheita, medan kvardagen er noko anna, reduserer lysta til eit lokalt engasjement.
- Forenkling av lokaldemokratiet bør vere ei målsetting, samstundes som ei slik målsetting vert etterfølgt av færre statlege forskrifter og retningsliner.

Med venleg helsing

Åse Vik  
Kommunalsjef